



Elevane har plassert sine flagg på toppen av ei steinblokk.

Måndag i denne veka hadde alle elevane ved skulen felles prosjektførebuing til vårens store eventyr, nemlig kunstprosjektet Hagen som vert gjennomført i veke 22. Prosjektet er leia av dei to kunstnarane Anette og Andre engasjert av Fylkeskommunen. Temaet er gjenbruk av plast der ein skal skapa ein kunstig hage.

Plan for måndag var nedsetting av flagg for kvar enkelt elev. Vidare vart dette dokumentert med bilete og høvande teikning til. Teikning og bilete vart så nytta i ein felles installasjon som vart montert i hallen. Elevar, vaksne og kunstnarar viste eit stort engasjement. Kort oppsummert var dette ein inspirerende dag for alle. Dette lovar godt for vidare gjennomføring av prosjektet seinare dette skuleåret.

Kunstprosjektet i denne veka var del 2 i eit program på 3 samlingar.

Tekst: Stig Berge Soldal
Foto/nett: Kristian Bringedal



Ein av instruktørane hjelper elevar med å finna sin friplass.